

Saksprotokoll 28.04.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, A, Sp, KrF og MDG fram slikt forslag:

«Alternativt punkt 3:

Det er viktig i den situasjonen vi er i, at midlar til fysiske trafikksikringstiltak vert brukt, derfor bør resterande midlar lysast ut på nytt så fort som mogleg.

Nytt punkt 4:

Hovudutval for samferdsel og mobilitet ber om ei sak der ein går gjennom dei ulike tilskotsordningane innanfor trygg skuleveg, fysiske trafikksikringstiltak, punktutbetring, og kjem med framlegg til eventuelle endringar i retningslinjene for tilskotsordningane slik som høgare beløp og/eller at ein står friare til å tildele høgare beløp om det er få søknadar, og/eller foreta omdisponeringar innanfor tildelt prosjekt/sum.»

Avrøysting

Fylkesdirektøren sitt forslag punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke.

Hammer sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for fylkesdirektøren sitt forslag.

Hammer sitt forslag punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Tilskot frå ordninga for fysiske trafiktryggingstiltak i 2020 vert fordelt til følgjande tiltak:

Kommune	Omtale av tiltaket	Tildeling (kr)
Bremanger	Busslomme og kantstopp m.v. på Hauge, Bremangerbygda	250 000
Bømlo	Lyssetting av 23 busstopp i kommunen	250 000
Bømlo	Fv541 ved Våge barneskule - Fortau ved busslomme og opphøgd gangfelt	250 000
Fitjar	KV12 Gamle Vestbøstadvegen - veglys	125 000
Gloppen	Gatelys ved busstopp Søreidsvegen/Fossevegen	25 000
Gloppen	Gatelys på Vereide	30 000
Gloppen	Gatelys ved parkeringsplass, Rygg barnehage	100 000
Gulen	Kv1079 Byrknes, Søre Garden - Gang- og sykkelveg	250 000
Gulen	Dalsøyra - Gang og sykkelveg	250 000
Høyanger	Einar Ramslisgate, Høyanger - Fartsdemparar og oppgradering av gatelys	190 000
Luster	Gaupne sentrum - Lyssetting av kryssingspunkt	72 500
Osterøy	Kv52 Hosanger - Veglys langs skuleveg	125 593
Sogndal	Gangveg ved Kvåle skule	250 000
Solund	Lys på Hersvik og Leknessund	30 000
Solund	Lys ved grendahuset på Hardbakke	45 000
Stad	Nye fartsdemparar i Nordfjordeid og Selje sentrum + merking av eksisterande i kommunen	150 000
Sunnfjord	Fv512 Jonstad - Veglys langs skuleveg utan separat gang- og sykkeltilbod	250 000
Sunnfjord	Liavegen, Halbrend - Oppmerking og oppsetting av leierekkverk	250 000
Tysnes	Fv549 Våge - Fortau/ gang- og sykkelveg til Tysnes skule	103 000
Vik	Gatelys Følid, gatelys Seljedalsvegen-Tenold + fartsdumpar i og kring nytt bustadfelt Tenold.	120 000
Vik	Fartsdumpar Vik aktivitetspark	50 000
Årdal	Fv5631 Rallar-Ålmenhagen - Nye LED-lys på gang- og sykkelveg, fortou og bru	250 000
	SUM	kr 3 416 093

2. Hovudutvalet løyver 800.000 kr frå attståande midlar i årets tilskotsordning til eit forsøksprosjekt med variabel grøntid og forbetra akustiske signal i utvalde signallysregulerte gangfelt. For variabel

grøntid er målgruppa større grupper av barn og vaksne som må kryssa i gangfelt tett på skular og barnehagar. Betre akustiske signal skal legga forholda betre til rette for blinde og svaksynte.

3. Det er viktig i den situasjonen vi er i, at midlar til fysiske trafikksikringstiltak vert brukt, derfor bør resterande midlar lysast ut på nytt så fort som mogleg.

4. Hovudutval for samferdsel og mobilitet ber om ei sak der ein går gjennom dei ulike tilskotsordningane innanfor trygg skuleveg, fysiske trafikksikringstiltak, punktutbetring, og kjem med framlegg til eventuelle endringar i retningslinjene for tilskotsordningane slik som høgare beløp og/eller at ein står friare til å tildele høgare beløp om det er få søknadar, og/eller foreta omdisponeringar innanfor tildelt prosjekt/sum.